

Orientering til elevar

Vi gler oss til å ta imot deg på UWC Leirskule. Som elev har du eit viktig ansvar for å gjere veka so velukka so mulig for både deg og andre elevar på leirskulen!

Under har vi samla nokre stikkord som kan vere greitt å tenke på i forbindelse med at du skal på leirskule!

Før leirskuleopphaldet

- Les om dei ulike aktivitetane på heimesida, leirskule.no, og tenk på kva for nokon aktivitetar du helst vil vere med på.
- Les utstyrslista på heimesida til leirskulen og ta ansvaret for at du får med deg alt. Det er du som blir kald hvis mamma ikkje har pakka gensar, så ta heller ansvar sjølv!
- Gjer deg kjend med reglane for leirskulen.
- Tenk over kva for forventningar du har til leirskuleopphaldet og kva du kan gjere for at alle skal få ei god veke.

Under leirskuleopphaldet

- Bli med på alt! Du får berre reise på leirskule ein gong.
- Snakk med studentane, spør om heimlanda deira. Lær noko nytt!
- Ta bilete.
- Skaff deg nye vener.
- Ta omsyn til andre. På leirskule lever ein tett i lag, tenk på korleis du vil at andre skal vere med deg og ver slik med dei!
- Hugs å ete nok mat! Med mykje aktivitet er det enno viktigare å ete nok under alle måltida.

Etter leirskuleopphaldet

- Tenk på kva du har opplevd og lært i løpet av veka. Kva kan du ta med deg vidare?
- Sjekk om du har fått med alt heim att. Be føresatte ta kontakt med oss dersom du manglar noko so snart som råd.

Vi ser fram til møte deg!

Venleg helsing,

Leonora L. Kleiven
Dagleg leiar

Joakim Janninge
Leirskuleansvarleg ved UWC Leirskule